

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 28. mars 2017

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 20.00

Til stades: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Svindseth, Ida Maria Heggelund, Arild Sporsheim og Knut Henning Aursnes.

Monica Breivik Orre hadde meldt fråfall.

Møtet vart opna av soknerådsleiaren som gav ordet til vikarprest Ida Maria Heggelund, som las ein tekst og leda bønna. Deretter introduserte Heggelund seg for soknerådet, og soknerådsmedlemane gav ein kort presentasjon av seg sjølv. Deretter gjekk soknerådet over til handsaming av sakene på saklista.

Sak 13/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjend.

Sak 14/17 Godkjenning referat frå møte Sykkylven sokneråd 28.02.17

Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjend.

Sak 15/17 Kyrkjekaffi


Soknerådet meiner at kyrkjekaffien er eit viktig møtepunkt, der vi kan vere med å ivareta kvarandre både åndeleg og menneskeleg. Utfordringa er no å få frivillige til å ta ansvaret for kyrkjekaffien.

Vedtak: Torbjørn Støylen tar på seg nokre søndagar framover å spørje rundt på borda på kyrkjekaffien om nokon har lyst til å få vere med i denne tenesta. Han skal også få behovet for hjelp til kyrkjekaffien presentert under kunngjeringane i gudstenesta.

Sak 16/17 Årsmelding 2016


Soknerådet hadde gjennomgang av forslag til Årsmelding 2016 med innspel, korrigering og supplering.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend med korrekjonar som kom fram under møtet. Årsmelding skal leggast fram for kyrkjelyden seinast to gudstenester før årsmøtet.



Sykkylven sokneråd

- Sak 17/17 Innkjøp av skjermar til våpenhus og kyrkjetorg**
Det er framsett ønske om informasjonsskjermar i våpenhuset.
- Vedtak: Soknerådet vedtek å kjøpe informasjonsskjermar til våpenhus og kyrkjetorg, men ein vil rádføre seg med utsmykkingsnemnda for plassering/integrering.*
- Sak 18/17 Helge Standal har blitt invitert til å undervise i ei kyrkje i Tsjekkia med bakgrunn i kyrkjelydsutvikling i Norge.**
Vedtak: Sykkylven sokneråd dekker kr 20.000,- til dekning av reiseutgifter.
- Sak 19/17 Forslag endra møteplan vår 2017 for Sykkylven Sokneråd**
Vedtak: 02. mai 2017: Møte Sykkylven Sokneråd
13. juni 2017: Felles møte med Ikornnes Sokneråd
- Sak 20/17 Innstilling til tilsetjing av ny sokneprest i Sykkylven sokn**
Denne saka er unntake offentlegheit, og saka vert difor referert i eige dokument.
- Handsaming av utsette saker / oppfølging av tidlegare saker:**
- Sak 4/17 Misjons-satsing (utsett frå tidlegare soknerådsmøte)**
Vedtak: I tillegg til den inngåtte misjonsavtalen med NMS, vil Sykkylven Sokneråd ha misjonsavtale med Kirkens Bymisjon og gi 2 offer pr. år. Soknerådet går også inn for ein mini-misjonsavtale med Israelsmisjonen (DNI) med 2 offer pr. år. Det skal vere forbøn og informasjon om/frå organisasjonane som får offer i gudstenesta. Misjonsavtalane skal kunngjerast på heimesida til Sykkylven kyrkje og misjonsdelen i trusopplæringsplanen skal jobbast vidare med for å verte meir konkret.
- Sak 8/17 Oppfølging etter visitasen – vegen vidare/tillegg til visitasmeldinga**
May Lisbeth H. Aurdal og Torbjørn Støylen vart i soknerådsmøte den 28.02.2017 oppnemnt av soknerådet til å gå gjennom visitasmeldinga og kome med forslag til tillegg til visitasmeldinga. Forsлага vart gjennomgått i soknerådet.
- Vedtak: Tillegg til visitasmeldinga vart vedteke med dei endringar som kom fram under møtet. Soknerådsleiaren får fullmakt til å fullføre den endelege visitasmeldinga i samarbeid med Ikornnes Sokneråd.*



Sykkylven sokneråd

Orienteringssaker:

- Avskjedsgudsteneste for Helge Standal vert 1. påskedag 16.04.2017.
- Vikarprest Ida Maria Heggelund vikarierer frå 13.03.2017 – 16.04.2017.
- Varamedlemane vert utfordra til å ta del i utval og arrangement.
- SR-medlemane tar ansvar for mat på møta kvar sin gong. Liv Hole står for mat neste møte.

Vedlegg:

Ref frå møte i SR 28.02.2017

Ref frå misjonsutvalet

Årsmelding Sykkylven sokn 2016

Referent: Knut Henning Aursnes